

# REFERAT ÅRSMØTE SANDANE SMÅBÅTLAG 2021

Måndag 07. mars 2022

**Møtestad og tid:** SFE i Bukta, klokka 19.00

**Til stades:** Det var 9 frammøtte inkludert styret

## Sakliste

### 1 Opning av møtet

Leiar Bjørn Inge Solheim ønske velkomen og opna årsmøtet

### 2 Godkjenning av innkalling og sakliste

Årsmøtet var annonsert i Firda Tidend med påminningsannonse dagen før årsmøtet og i tillegg på heimesida til SSL ([www.sansanesmaabaatlag.com](http://www.sansanesmaabaatlag.com)).

Samrøystes godkjent

### 3 Konstituering

Val av møteleiar og referent

Møteleiar vart valt Bjørn Inge Solheim og Jan Nik. Hansen vart valt til referent.

Samrøystes valde

Val av to personar til å skrive under møteboka

Leiar gjorde framlegg om Roar Henden og Atle Jan Føleide.

Samrøystes valde.

### 4 Årsmelding 2021

Leiar gjekk gjennom årsmeldinga ved å lese ho opp.

Det var ingen innvendingar, kommentarar eller spørsmål til årsmeldinga.

Samrøystes vedteke.

### 5 Rekneskap og revisjonsmelding

Kasserar gjekk gjennom og kommenterte rekneskapen. Han meinte økonomien i SSL er i god balanse. Driftsinntektene i 2021 var 260.858 kroner. Det er om lag 7000 kroner mindre enn i 2020. Kasserar forklarte det med at straumleige og slipping ikkje var sendt rekning for i 2021. Det blir sendt ut no saman med medlemskontingent og hamneleige.

Driftsutgiftene på 224.848 kroner er også mykje like tidlegare år. Det gjev eit driftsresultat på 36.009 kroner og eit overskot på 33.485 kroner mot 61.418 kroner i 2020. Overskotet er større enn budsjettet.

Eigedomane våre vert nedskrivne etter regelverket rekneskapskontoret følgjer. Samla verdi i SSL si eige er no 3,57 mill. kr. Eige kapitalen er auka noko, til 3,42 mill. kroner, medan pantelånet er nedbetalt med 50.000 kroner slik at det no står att 141.650 kroner.

Det vart referert til merknaden frå revisor om at brakka er sett til null. Han stilte spørsmål om at brakka bør verdsetjast med eit symbolsk beløp for å synleggjerast i rekneskapen.

Jon Ingar Sørebo peika på at ho har ein verdi i og med at ho er brannforsikra, men årsmøtet konkluderte med at det ikkje har noko å seie at brakka ikkje syner i rekneskapen. Det kjem an på kva som står i forsikringsavtala. Brakka har funksjon som lager. Der står også hovudtavla.

Det var elles ingen spørsmål til rekneskapen.

Samrøystes vedteken.

## **6 Kontingent**

Styret gjorde framlegg om å auke medlemskontingenten frå kr 750 til kr 1000. Kontingenten har vore uendra i mange år. Samtidig har kostnadene til båtlaget auka. Hamneavgifta blei endra i 2018. Den ønskjer ikkje styret å endre.

Leiar peika på at det er lenge sidan kontingenten var justert, medan hamneleiga vart justert i 2017. Årsaka er eit ønske om å styrkje økonomien og gje eit litt større økonomisk handlingsrom.

Jon Ingar viste til at prisen på både vakthald og forsikring har auka. Alternativet vil vere berre å auka hamneleiga, peika Øystein Sivertsen på.

Kasserar peika på at budsjettet er gjort opp med uendra hamneleige.

Atle Jan peika på at det er viktig båtlaget har midlar om noko kjem på.

Årsmøtet vedtok samrøystes at kontingenten vert auka til 1000 kroner.

## **7 Budsjett 2022**

Kasserar orienterte om føresetnadene for budsjettet. Det er m.a. basert på medlemsavgift på kr 1000, hamneleige kr 1750, at det er 102 medlemmer og noko høgare renter. Det er vidare sett av 55.000 kr til vedlikehald.

Auken i medlemskontingenten utgjer 25.500 kroner meir i inntekt til laget, medan hamneleige vert sett til 152.000 kroner. Det er litt minder enn året før. Leige av slipp og straum er budsjettet med 10.000 kr.

Det vert såleis budsjettet med 287.250 kr i inntekter i 2022 og 250.500 kr i driftsutgifter. Det gjev eit driftsresultat på 36.750 kr og eit overskot på 32.750 kr for 2022.

Det var ingen spørsmål til budsjettet som vart samrøystes vedteke.

## 8 Innkomne saker

Det var ikkje meldt inn saker til årsmøtet

## 9 Val

Valnemnda sitt framlegg til nytt styre:

Leiar: Ernfred Øygaard (ny)

Kasserar: Frode Denk (ny)

Sekretær: Per Inge Hole (ny)

Hamnesjef: Lars Johan Sivertsen (ikkje på val - på val i 2023)

Styremedlem: Jon Ingar Sørebo (ikkje på val - på val i 2023)

Varamedlem 1: Atle Jan Føleide (ny)

Varamedlem 2: Jon Granheim (ny)

Revisor: Øystein Sivertsen (attval)

Roar Henden presenterte valnemnda si innstilling.

Det kom ingen andre framlegg og samtlege vart valde med akklamasjon.

Styret sitt framlegg til valnemnd:

Ole Alexander Lilloe-Olsen (attval)

Roar Henden (attval)

Det var ingen andre framlegg.

Dei vart valde ved akklamasjon.

## 10 avslutning

Leiar takka styret for samarbeidet, og møtelyden uttrykte takk for innsatsen til dei som går ut av styret.

Møtet slutt kl. 20.00

Sandane 2022



Roar Henden



Atle Jan Føleide